



ULSTEIN KYRKJE
Saman på ferda




DEN NORSKE KYRKJA



ÅRSMELDING 2022

Godkjent av Ulstein sokneråd i S-sak 2023/9

Meir himmel på jorda



Ser du englane som kikar inn vindaugget?

Framsidedeilete: Ulstein kyrkje ein vintermorgon med snø.

Den Norske Kyrkje
Ulstein sokn
Kyrjekontoret
Sjøgata 61 (Pb. 143)
6067 Ulsteinvik
Tlf: 700 17 680

E-post: post.ulstein@kyrkja.no
Facebook: Ulstein kyrkje
Nettside Ulstein sokn: www.ulsteinkyrkje.no
Nettside Ulstein nye kyrkje: www.ulsteinnyekyrkje.no

INNHALD

Solskinshistorier i Ulstein kyrkje frå 2022	s. 4
Diakoni i Ulstein kyrkje	s. 8
Prestetenesta i Ulstein kyrkje	s. 14
Undervisning og trusopplæring i Ulstein kyrkje	s. 17
Kyrkjemusikk i Ulstein kyrkje	s. 22
Samarbeid med barne- og ungdomsorganisasjonane	s. 24
Ulstein sokneråd	s. 26
Staben i Ulstein kyrkje	s. 30
Bygg og anlegg	s. 32
Statistikk	s. 35
Økonomi	s. 38
Informasjon og kontakt	s. 39
Sluttord	s. 41

SOLSKINSHISTORIER I ULSTEIN KYRKJE FRÅ 2022

Ekte påskeglede

Etter ei lang tid med restriksjonar blei gudstenesta påskedag 2022 dagen vi kjente på ei ekte påskeglede. Gleda over håpet om at døden ikkje har siste ordet og gleda over å kunne feire og nyte fellesskapen med kvarandre igjen. Og Ukrainerane varta opp med tradisjonelle kaker på kyrkjekaffi under ein skyfri himmel.



Rekordresultat på fasteaksjonen

Som i alle år gjekk konfirmantane med bøsser frå dør til dør for Kirkens nødhjelp sin fasteaksjon. Kanskje var bakteppe med ein ny krig på europeisk jord, menneske på flukt og ei verden truga av klimaendringane med å påverke gjevargleda. Med innsamla kr. 161.090 blei det ny innsamlingsrekord i Ulstein.



Kyrkjelydsfesten på Kjeldsund

Den store samlingssalen på Kjeldsund var ikkje stor nok til at alle fekk plass under gudsteneste når Ulstein sokn hadde invitert til kyrkjelydsfest. Med misjonstombola og uteaktivitetar for heile familien var kyrkjelydsfesten ein suksess for alle. Det blei leigd inn buss for at flyktningane frå Ukraina fekk vere med på festen.



Avskjedskonsert med Ståle Helvig

Det musikalske miljøet i Ulsteinvik var ikkje vanskeleg å be for å stilte opp til ein takkekonsert med og for Ståle Helvig. Det ble ein musikalsk fest for felleskapen til heider for Ståle og til Guds ære.

«I ditt livs partitur gjenkjenner vi gode fotefar av ein syngande, leande, hjartevarm Gud» sa Margit Lovise Holte i sin takketale.

AVSKJEDSKONSERT STÅLE HELVIG

1. SEPTEMBER
KL. 19.00
ULSTEIN
KYRKJE



Billete: Jorulf Myrene / Vikеbladet Vestposten



Tidslinja - Kode B

Å knekke koden med å lese Bibelen og setje bibelforteljingane i ein stor samanheng skjer gjennom trusopplæringsaktiviteten «Kode B» for barn som går på 5. klassetrinn. Vi har god oppslutnad om trusopplæringsaktiviteten i Ulstein og barna ser alltid frem til neste aktivitet.

Jubilantfest

Å kunne invitere dei eldre som fyller «runde år» til ein ei staseleg bursdagsfeiring var ei rein glede. Kapellan Mirjam Håland Igland og diakonvikar Mari Ann Vattøy tok initiativet til denne festen. Dette satt pensjonistane stor pris på og er nok eit tilbod vi kjem til å vidareføre.



Medvandrar

Aktivitetane i Ulstein kyrkje har blitt viktige arena for flyktningane. Det er mange som tek del i gudstenesta og kyrkjekaffen etterpå. I samarbeid med integreringsprosjekt «Medvandrarar» frå Ulstein KFUK-KFUM har det blitt både strikkecafé, turgruppe og songgruppe.



DIAKONI I ULSTEIN KYRKJE

Den norske kyrkje definerer diakoni slik:

”Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste. Den er evangeliet i handling og skal uttrykkast gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd.”

Diakoni er lettare sagt enn gjort... og det er gjennom «å gjere og vere» for våre medmenneske at ein kan nå inn til hjarta. Diakoni er både det som gjerast av diakon/diakoniarbeidarar, men også ein dimensjon ved det å vere kyrkje.

Biletetekst:

1 Minnesamling i kyrkja under allehelgen.

2 Førjulssandakter på institusjonane.

3 Utdeling av mat- og fruktkorger og julegaver til flyktningane på mottaket.

4 Turgruppa på Hasundhornet våren 2022.





Heimebesøk

Starten på 2022 bar preg av restar av pandemi og framleis nedstenging, så vi måtte fortsetje å tenke kreative løysingar for å nå ut til dei som treng oss.

Dei siste åra har vore ei læring i å tenke litt «utanfor boksa», og blitt eit godt tankegods for vårt arbeid vidare. Å løfte blikket vårt og sjå kvar vi trengs mest, til ei kvar tid, skapar ei dynamisk teneste, og vi blir meir utadretta. Vi skal kjenne på pulsen i samfunnet, og rette fokuset dit. Eit hektisk men svært givande 2022! Mari Ann Vattøy har jobba som diakonvikar i 100% stilling, sidan oktober 2021.

Besøksteneste

Heimebesøk, telefonar og vandresamtalar er ein viktig del av jobben. Ein ser at behovet for fleksibilitet i forhold til arbeidstid er godt for brukarane av diakonitenesta. 90 stk i løpet av året.



Integrering under arbeid

Internasjonal kvinnegruppe

Denne har fått ein oppsving etter at det har kome flyktningar til kommunen. I påska arrangerte kvinnegruppa påskeverksted på Fredheim der ein fekk lage diverse påskepynt. Ein hadde også fleire samlingar i Fredheimkjellaren med god oppslutning.

Andakter på sjukeheim, Bygdestova og Helsekeren 20

Andakter kvar veke på sjukeheim og Bygdestova og annakvar Alvehaugen fram til sommaren. På hausten vart det halde andakter på alle tre institusjonar kvar veke.

Kyrkjelydsfest på Kjeldsund

Vart arrangert søndag 15. mai. Det var i samarbeid med KRIK og søndagsskulen. Det blei ein litt annleis kyrkjelydsfest i 2022, då vi inviterte med og skyssa over 80 flyktningar. Tilbakemeldingane frå dei var at dei følte seg veldig inkluderte, og dei fekk ei pause frå alt det vonde dei står i. Det blei ein fin dag, med ulike aktivitetar, matsal ute, og eit fantastisk kakebord inne. Godt samarbeid med Kjeldsund gjorde at alt gjekk strålende. I 2023 tek vi det ein månad seinare, i håp om å få eit snev av sommartemperaturar.

Kyrkja på senteret

Starta i mai 2021. Opningstida er onsdagar frå 11-15 i andre etasje på Blåhuset. Her får ein servert kaffi og hjartehavrekjeks, og ein god prat. Kyrkja på senteret har vist seg å vere fin møtestad for dei som ynskjer ei sosial stund ilag med fleire. Men vi har også sett at denne plassen har generert til vidare treff ein til ein (sjelesorg). Det kjem 5-6 stk personar gjennomsnittlig kvar onsdag gjennom året. Tilbakemeldingane som har kome er at det er fint at vi møter folk der dei er, og at terskelen er låg for å stikke innom. Det er hyggelig å høyre.

Allehelgenshelg m/minnesamling, opa kyrkje og allehelgens-gudsteneste

For andre år på rad laga vi ei minne- og håpsvandring på kyrkjegarden utanfor kyrkja. Minnesamlinga vart også i år sett til laurdag kl 17. 00. På førehand var kyrkja pynta med kvite roser, kunst og mykje levande lys. Alle som ville, fekk utdelt eit hjarte der dei kunne skrive på namn til den dei ville minnast, og henge på eit håpstre inne kyrkja. Ei vakker stund med ca. 80 frammøtte.



Håps- og minneløype ute på Vik kyrkjegard under allehelgen.



Tilbakemeldingane som har kome, viser at denne minnesamlinga er særskild viktig for dei sørgande. Ein stad der ein får vere saman i sorga.

Allehelgensgudsteneste søndag hadde vi forbøn både på norsk og ukrainsk.

Sorggruppe

Lagt nede dette året, men inviterer inn igjen til våren 2023.

Diakonvikar er med i styret i frivilligsentralen. I 2022 fekk NMS gjenbruk Frivilligprisen.

Underviste om sorg og kommunikasjon på pårørandeskule for demente.

Sjelesorgssamtalar og vandresamtalar

Etter eit dødsfall får alle pårørande tilbod om heimebesøk eller samtale på telefon. Og i enkelte tilfeller har samtalanane gått utover heile året. Eit tilbod som det verkar som mange set pris på. Og alle som ynskjer kan ta kontakt med diakon for samtale. Vi har også nytta gåturar ute til samtalar, såkalla «vandresamtalar». Det fungerer fint for enkelte. Mange føler at samtalen kan flyte lettare når ein samtidig får vere ute i naturen. ca 80 stk.

Kyrkjekaffi har vi prøvd så langt som råd å ha etter kvar gudsteneste, og vi har sett at ein variasjon med kyrkjekaffi på Fredheim, enklare kyrkjekaffi i kyrkja og matpakketurar har fungert veldig fint. Vi har også sett kor viktig kyrkjekaffien er for integrering og sosial møteplass. Det har vore ei veldig oppslutning, spesielt på Fredheim. Vi har sett at flyktningane har søkt hit, og har funne sin plass i felleskapen i kyrkelyden vår. Vi valde også å gå ut på sosiale medier å fortelje om denne oppslutninga, og behovet vårt for å fylle opp frysaren med kaffimat. Responsen var kjempebra. Frysaren blei full, og dei frivillige til kyrkjekaffi kunne konsentrere seg om pynting og kaffikoking og servering.

Ettermiddagskaffi med song og gode ord

Med Ingrid Nerhoel og Mari Ann Vattøy. Dette starta vi med i 2021, først og fremst som eit tilbod til dei som bur i omsorgsbustadar på Sjøside. Vi har auka frå 2 til 3 samlingar både på vår og haust. I tillegg hadde vi i år adventsstund rett oppunder jul både på Alvehaugen, Bygdestova og på Sjøside, der vi samla ca. 50 stk. til saman.

Gudsteneste med universell utforming

Vart gjennomført både i juni og i desember. Det blir sendt ut invitasjoner også til institusjoner utanom vår kommune, og dei fram møte hadde ei herlig stund med song og musikkglede anført av Fjøresteinane. Dei leia både allsongen og hadde egne avdelingar. Vi valde å kalle arrangementet på sommaren for «Sommar-song med Fjøresteinane». Stig Grimstad hadde si siste samling som leiar, og han blei takka av med gode ord og blomar frå leiar på kulturskulen, Julianne Hauge. Ny leiar for Fjøresteinane blei ønska velkomen, Oddgeir



Ettermiddagskaffi med song på Sjøside. Ingrid Nerhoel er med.



Mat til matkassene i Hjartevarmeaksjonen.



Mår frå Brudevoll i høve matkassene. Her var diakonvikar Mari Ann med og fekk lage til.



Svitlana frå turgruppa

Nygjerde. Ei fin samling med rundt 60 frammøtte. Vi serverte pølser m/brød og saft i etterkant. I desember var det adventsstund med mykje julesongar og god stemning. Alle fekk pepperkaker, kaffi, twist og mandarin, og adventspose til å ta med heim. Ca 60 stk.

8. mars-gudstenesta på SUFH var godt besøkt, ca. 50 stk. Medlemmar av den internasjonale kvinnegruppa las forbøner og var kledde i sine nasjonale drakter.

Saman som kyrkje i heile verda

Ulstein sokn har misjonsavtale med NMS. Fokusområdet er Midtausten og kyrkjelyden samlar inn kollekt fleire gonger i året til prosjektet. Her er det særskilt arbeid med TV- stasjonen SAT7 som sender kristen program for både born og vaksne. Prosjektet støtter også kurs- og kompetansesenter Anafora og kristen bokhandel i Kairo. Kvart år mellom Kristi himmelfart og St. Hans har Den norske kyrkja saman med misjonsorganisasjonane ei aksjonsperiode med namnet: Saman som kyrkja i heile verda. Kyrkjelyden har arrangert misjonstombola på kyrkjelydsfest til inntekt for misjonsprosjektet. Også gjennom den årlege NMS- gudsteneste i september har vi informert om og samla inn til misjonsprosjektet.

Hjartevarmeaksjonen vart i år betydeleg meir omfattande enn åra før. Dette skuldast tida vi er i, både økonomisk, med stor auke i straumprisar, og matvareprisar, og at vi har fått mange flyktingar til kommuna vår. Nykyrkjekarane har i år igjen gjort ein kjempefin jobb med å samle inn pengar, og samarbeidet med Frivilligsentralen og Sørøyane Røde Kors har vore godt. Vi må takke både lokale bankar, kommuna og andre kyrkjesamfunn for rause bidrag. Utan den vanlige kvinne/mann i gata sine bidrag, hadde det ikkje gått. Mange julegåver, og antallet matkasser var betydeleg større enn året før. I 2021 leverte vi ut 70 matkasser, i 2022 har talet stige til rundt 120 kasser. I tillegg laga vi til 62 mat- og fruktkorger til familiene som bur på mottaket. Og alle borna på mottaket fekk også julegåver! Hjartevarmeaksjonen er eit svært viktig tiltak. Vi ser kva det betyr for dei som mottek desse matkassene. Utan dette bidraget, hadde mange fått ei «magrare jul». Så dette må vi arbeide vidare med. Stor takk til Brudevoll kjøt som bidrog med mår til alle kassene. Heilt fantastisk!!

NYE TILBOD

Det er fint å kunne starte opp nye tiltak, til glede for mange.

I slutten av mars 2022, kom det ca 200 flyktingar frå Ukraina til Ulsteinvik. Både diakon og prestar melde seg til å vere med å ta imot bussane når dei kom, gje dei mat og drikke og eit godt blick. Dette ser vi i ettertid har vore særskilt viktig i vidare samhandling både med mottak og kommune, og ikkje minst i forhold til vidare kontakt med flyktingene. U.t inviterte også inn til møte med mottaket, flyktingkontoret, frivilligsentralen, Røde Kors, Rotary og saniteten. Dette for å samordne dei ulike tilbud og aktivitetar som allereie fins og drodle om kva nye ting ein kunne finne på slik at flyktingane kunne få eit best mogleg tilbud. Ein har sett at i dette arbeidet må ein arbeide langsiktig

og finne ut kva som kan vare over tid. Og det må vere rom for å prøve og feile litt.

Vi starta opp **turgruppe** kvar torsdag kl. 14.00 på ettermiddag frå april til september, med oppstart utanfor Fredheim. Eit tiltak vi starta opp då vi fekk mange flyktningar til vår kommune. Dette var eit kjærkome tilbod før undervisning og skule tok til. Vi såg at desse turane var ein veldig fin arena for dei gode samtalane, og ei pause frå alt det vonde. Ein av flyktningane sa det slik: «Det var først når eg kom hit, at eg klarte å kjenne på kjensler og eg klarte å gråte. For her kjende eg meg trygg.» Og ute i naturen fell samtalar så mykje lettare. Dette er noko vi vil freiste få opp igjen, gjerne tidlig kveld, på vår/sommar/haust.

Vi prøvde oss på **familiemiddagar på Fredheim**, nokre tysdagar frå kl 16-19, i oktober 2022, der tanken var at borna kunne leike nede, og at vi serverte rimelig middag i ein hektisk kvardag, oppe. Kanskje blei det for dårlig markedsført, for det vart ikkje godt besøkt, så vi avslutta dette i november.

Ukrainsk sanggruppe

Dei får nytte lokale nede på Fredheim kvar tysdag. Dei starta opp i oktober, og dei har gledd oss ved fleire høve allereie, både på ulike gudstenester, og ved kommunale arrangement. I oktober starta vi opp **Strikkekveld i Fredheimkjelleren** kvar måndag frå kl 19-21. Utgangspunktet for oppstarten var at vi såg eit behov for å gjere noko for det ukrainske folket. Det gjekk mot vinter, og situasjonen for soldatar og sivile vart svært krevjande.

Det at ukrainske flyktningar sjølve, og ilag med bygdefolket, får hjelpe sine egne med å strikke varme klede som vi sender vidare til soldatar og sivile som er i Ukraina, har ei stor eigennytte. «Hjelp til sjølvhjelp.» Det å kjenne at ein kan vere til nytte i ein frykteleg og vanskeleg situasjon gjer noko med sjølvkjensla. Denne kvelden ser vi har vore og er så bra på så mange plan. Vi starta opp i oktober og hatt samlingar kvar måndag sidan. Det har blitt sendt mange sekkar med heimestrikk, og andre varme klede Ukraina, via hjelpesendingar. Vi har fått mykje tråd og pinnar både frå lokale butikkar og privatpersoner i tillegg til det vi sjølve har bidrege med. Dette er vi svært takksame for. Det har blitt ein god og sosial møteplass, og ein stad der både dei lokale og våre nye innbyggjarar kan bli kjende. Ikkje minst kan ein øve seg på norsk. Og det er ikkje berre ukrainske flyktningar som som har funne vegen hit. Fleire har med seg barn, så vi har laga til ulike kreative aktivitetar for dei også. Ein god møteplass med ca. 20-25 stk kvar gong. Vi serverer kaffi, te og noko lite attåt.

Jubilantfest

På førmiddag, torsdag 29. september inviterte vi inn til stor Jubilantfest på SUFH. Ei skikkelig bursdagsfeiring der alle som fylte rundt og halv rundt år i 2022, (frå 75 år og oppover) blei inviterte. Vi serverte bursdagskaker og kaffi, og det var lett underholdning. Magne Grimstad jr. hadde eit lokalhistorisk tilbakeblikk, og det vart både allsong og solosong. Elles var hensikta å gjere stas på dei eldre, og at dei kunne møte att gamle kjende. Praten gjekk livlig rundt borda. Det vart veldig godt tatt imot. Dei som ønskte hadde høve til å ha med ein



Jubilantfest på SUFH



Kake for å feire nasjonaldagen til dei ukrainske flyktningane



Ukrainsk songgruppe

ledsager. Både 75- og 95-åringar var representerte. Vi håpar på gjentaking, for tilbakemeldingane har vore svært gode. Medlemmar fekk skriftleg invitasjon, men vi gjekk også ut i lokalavisa og inviterte inn også dei som ikkje var medlemmar av kyrkja vår. NRK M&R radio tok kontakt, og kom innom på direkten og intervjuar nokre av oss. Det ein av jublantane sa i intervjuet oppsummerer veldig godt kvifor vi ville gjennomføre dette: «[...] det var så godt å bli sett.» Prest Mirjam og diakonvikar Mari Ann stod for arrangementet.

I samarbeid med Kjeldsund leirstad v/ Trygve Danbolt Øygard, og Herøy sokn v/ diakon Ragnhild Danbolt Øygard, har Ulstein sokn v/ diakonvikar Mari Ann arrangert **Opa julefeiring på Kjeldsund julafta frå kl 17-21**. Tanken var at dette skulle vere eit gratis arrangement, og eit alternativ for dei som ønskjer å ha nokon å feire julaftan saman med. Det blei servert julemiddag og kakebord, og det var gang rundt juletreet. Det var aktiviteter for borna. Både små og store var samla på eit koseleg julepynta Kjeldsund. Vi hadde ca. 15 frivillige, og endå fleire frivillige som skyssa til og frå. Det var 60 menneskje toltalt på dette arrangementet. Vi håpar dette kan bli eit årvisst arrangement. Stor takk til Roger Brudvoll som gav oss mår til julemiddagen, og til Ulsteinvik Sanitetsforening for raus gåve!

Diakoniutvalget har siste året bestått av Cecilie Frantsen Skeide frå soknerådet, og diakonvikar Mari Ann Vattøy. Sidan to innvalde gjekk ut før soknerådsperioda var over, har vi valt å fortsette berre oss to fordi vi har sett at det har vore enklare å knytte til seg folk til ulike prosjekt enn å få nokon inn fast for ei fire års periode. Dette har vist seg å fungere godt for oss, men det krevst sjølv sagt at ein arbeider godt ilag.



Saman som kyrkje i heile verda - misjonsprosjektet i soknet.

PRESTETENESTA I ULSTEIN KYRKJE

2022 var året helg og kvardag kom tilbake som før koronapandemien. Dei fyrste månadane var prega av restriksjonar, men frå påskedag med fullsett kyrkje gjekk vi lysare tider i møte. Året har vore prega av glede over å finne tilbake til felleskap, kreativitet og skaparlyst, og alvor over å vere kyrkje i vår tid der særskilt vern og gjestfriheit for flyktingar frå Ukraina har prega året.



Folketonemesse på Ulstein gamle kyrkjestad 26. mai, Kristi Himmelfart.



Sokneprest Margit L. Holte og kateket Bjørn Losvik.

Etter ein hektisk konfirmantleir kom nyheita om at Russland invaderte Ukraina. Krig i Europa rysta og vel vitande om at vi bur ved eit nedlagt asylmottak, tok vi kontakt med kommune og frivillige for å koordinere det lokale mottaket for eventuelle krigsflyktingar. Det gjorde sterkt inntrykk å møte traumatiserte medmenneske som kom rett frå krigens gru. Berre tre veker etter krigsutbrotet satt 70 flyktingar i kyrkjebenkane ein søndag morgon, og ingen av oss var uberørt. Å sjå kyrkjelyden bere stolar, dele kaffi, te og kaker, leike med stille born, var ei rørende erfaring. Medmenneskeleg nestekjærleik lever mellom oss, og dette året har utfordra vår evne til å dele, gje og inkludere. Det har vore ei fin erfaring å stå ilag med lokalsamfunnet i denne oppgåva og merke at varme og medkjensle er levande kvalitetar. “Det du gjorde mot ein av desse mine minste, gjorde du mot meg,” seier Jesus, og for ein prest er det vakkert å sjå at liv og lære heng saman. At vi opnar armene og gjev vern gjer noko med oss som folk. Kanskje har pandemien ført oss nærmare kvarandre fordi vi alle har kjent på eksistensiell sårbarheit og avhengigheit av kvarandre på nye måtar. Kyrkja si trusformidling med sine liturgiar, song og felleskap ber eit helande hjertespråk som vert forstått uavhengig av språkkompetanse. Vi kjenner att dette vi har opplevd før i møte med flyktingar, at når menneske mistar alt, er ofte tru noko som vert verandere som eit håp.

Koronapandemien har gjort mange einsame og meir sosialt sårbare. Kohortar av vennegjengar har ein tendes til å fortsette, samstundes som behovet for opne fellesskap er sterkare enn nokon gong grunna einsemd. Kyrkja sitt opne fellesskap frå gudstenste til strikketreff berast av menneske som møter opp, og har noko å gje. Å vise kjærleik og merksemd til likesinna er enkelt, å elske sin neste som tenker annleis er meir krevande. Dette er trua si utfordring til oss alle. Å skape opne møteplassar og fellesskap er noko som er boren av frivillige som gjennom lag og organisasjonar og kyrkja sine møtestadar deler, for at vi alle skal få. I lys av frivilligåret 2022 takkar vi for alle som har noko å gje, for at vi har fått mange nye, dedikerte frivillige, og vi har alltid rom for fleire. Forbønstenesta er grunnleggande for alt kyrkjeleg arbeid, og vi er takksame for alle som står saman med oss i denne livslange forvandlande tenesta. Prestetenesta er forankra i forkynninga av evangeliet og forvaltning av sakramenta, samt lovpålagte oppgåver som dåp, gravferd, konfirmasjon, vigsel og trusopplæring. Men vi har også aktiv diakoni, sjelesorg, besøk og omsorg, soknebod og omsorg for døyande som viktig og ofte skjult del av tenesta. Vi lyttar til mange livsforteljingar og er medvandrarar i mange livsetapper. Den lokale beredskapen knytt til kommunalt kriseteam som hjelper ved ulukker eller tragiske dødsfall med psykososial fyrstehjelp, samt samfunnsoppgåva som prestar gjer på vegne av politiet ved å gå med dødsbod, er ei tung men viktig oppgåve for vern om menneske i sårbare livsfaser. Presteskapet er takksame for gode kommunale samarbeidsrelasjonar med helsesektor og politi.

Å vere eit truverdig reisefølge gjennom livet får vi fyrst vere der menneske ber oss inn i livet. Å sjå kor mange unge par som vel å døype borna sine er gledeleg. Vi merkar eit stort og positivt engasjement blant unge par som er meir opne for at kyrkja med sine verdiar, trupraksisar og forvaltning av den kristne kulturarven er noko ein vil gje borna høve til å delta i. Kyrkja treng medlemmer for å vere ei berekraftig folkekyrkje, og er takksame for alle som vil vere det. Det tverrkyrkjelege samarbeidet har betre vilkår, og samhandling kring ungdom på Alive-festivalen er eit håpsteikn!

Vi ønskjer meir samhandling då vi bur på ein liten stad, men må respektere at kvinner si presteteneste og to likeverdige syn på samkjønna ekteskap vert brukt som argument mot samhandling. Det er ein verdi for oss å arbeide for einskap, støtte mangfald, og anerkjenne at vi har ulike måtar å praktisere og vektlegge trua. Eit livssynsoppe samfunn skal gje alle høve til å praktisere sitt livssyn, og det er gledeleg at dette er tilrettelagt i lokalsamfunnet vårt.

Oppgåva med å forkynne den kristne trua søker stadig nye arbeidsformer. Å romme eit mangfald frå vogge til grav i skiftande tider, inneber å vere open for nye samhandlingsformer. "SPOR" samtalegudstenster har halde fram med stor oppslutning med flotte gjestar og bandet Holy Ghost Band. Vi har halde fram med DRYPP ungdomsgudstenester. Tre-fire ungdomar har vore med å planlegge gudstenestene i komite, og fleire ungdomar har bidratt med musikk, møteleiing og sosialt ansvar. Vi ser at DRYPP både er eit godt samlingspunkt for ungdomar og ein fin arena for konfirmantar.



Kapellan Mirjam Håland Igland



Staben jobbar godt saman. Her under innspeling av årets adventskalendar på facebook.



"Grill en kristen" under årets ALIVE-festival.



DRYPP-ungdomsgudsteneste på Osnessanden i strålende sol.

Nytt av året er kveldsmøte for unge voksne. Dette vaks fram etter at unge voksne kom med innspel på kva dei sakna i kyrkjelyden. Ein søndag i månaden har det vore arrangert kveldsmøte (ca 45min), med lovsong og andakt. Før møtet er det ein uformell kveldsmat bakerst i kyrkjeromet. Det har vore 25-40 deltakarar kvar gong. Aldersgruppa er 25-40 år.

I år som i fjor deltok vi på ALIVE ungdomsfestival. Det er tradisjon med nattverd i kyrkja laurdagskvelden. Kyrkjelyden blei invitert til tverrkyrkjeleg møte på Sjøborg den helga.

Barnas kyrkje opnar gudsteneste og samlingar med ei oversikt over at kvar søndag skjer det noko for barn anten det er søndagsskule eller familiegudsteneste. Matpakketur er eit bra alternativ til kyrkjekaffi iblant.

Prestskapet består av sokneprest Margit Lovise Holte og kapellan Mirjam Håland Igland, begge i 100% stilling. Begge deler alle disiplinær i prestetenesta, men kapellane hadde noko meir ansvar for barne- og ungdomsarbeid, samt revisjon av konfirmantarbeidet, og soknepresten for lokal kriseberedskap, diakoni, sokneråd og ny kyrkje. Tenesteturnusen fordeler kyrkjelege handlingar i 20% til Hareid sokn gjennom ein treledda tenesteturnus med gravferder og vigslar. Mot slutten av 2022 tok sokneprest Holte permisjon i 3 månader for å fullføre ei masteroppgåve i klinisk sjelesorg, og Rolf Schanke Eikum vikarierte for henne. Kapellan Igland tok foreldrepermisjon frå medio november og Leidulv Ø. Grimstad vikarierte til nyttår.

Kunnskapsdeling og samhandling i team er arbeidsmetodar der vi samhandlar godt med stab og frivillige. Den samhandlande kulturen er noko som er innarbeidd og medverkar til trivsel og skaparlyst. Vi har fleire idear i stab og sokneråd enn vi har ressursar til å gjennomføre. Vi merkar godt at vi manglar organist i teamet det siste halve året, men frivillige gjer ein flott innsats som vikarar. Frivillige medarbeidarar gjer ein avgjerande innsats i gudstenester, omsorgsarbeid og aktivitetar, og prestskapet gler seg over det verkekraftige og levande almenne prestedømmet i soknet.



Dåpen er ein stor festdag for familiene. Vi er glade for at så mange vil døype borna sine i kyrkja vår!

UNDERVISNING OG TRUSOPPLÆRING I ULSTEIN KYRKJE

Ulstein kyrkje ønskjer å stå saman med familiare i løftet om å la barna få vekse opp i den kristne trua. Vi legg vekt på å lage gode arrangement, der barna føler seg sett og trygge. På arrangementa vil vi ha fokus på fellesskap og på å gje dei unge kjennskap til kyrkja, høgtidene, kristen tru og tradisjon.



5 år: Sauen som blei borte og attfunnen, på Ljosheim på Ulstein.



Tidslinja - boka som tiåringane får i kyrkja.



Bøneblome

Tilbod på ulike alderstrinn:

Dåpssamtale

Babysong

2 år: samling med song, utdeling av spisebrikke og lunsj.

4 år: undretur og gudsteneste med utdeling av "Mi kyrkjebok".

5 år: "Sauen som blei borte"

6 år: Dåpsskulen

1. kl.: Skapt (ute i krinsane)

2. kl.: Nytt liv (ute i krinsane)

3. kl.: Tårnagent i kyrkja

5. kl.: Bibelutdeling / Kode B

6. kl.: LysVaken, eit døgn i kyrkja

9. kl.: Konfirmantundervisning

15-18 år:

DRYPP-ungdomsgudsteneste

MILK-kurs

Leiartrening på leir

Alive-festival

Ulike tilbud i samarbeid med ungdomsorganisasjonar

Trusopplæringa i Ulstein sokn

Frå midten av februar var alle koronatiltak oppheva, slik at vi kunne gjennomføre tiltaka som normalt. Riktignok vart dåpsskulen for seksåringar litt prega, med forseinka oppstart og færre samlingar enn normalt. Fokuset vart på å møtast igjen, og ta opp att dei tiltaka som sidan 2019 ikkje har latt seg gjennomføre grunna korona.

Det var difor med stor glede Ulstein sokn endeleg kunne invitere mellom anna fireåringar og femåringar til trusopplæringstiltak igjen.

Undretur og fireårsbok

Undretur i kyrkja er eit tilbud for at fireåringane skal bli kjent og trygg i kyrkjerommet før gudstenesta der vi deler ut «Mi kyrkjebok». Undreturen finn stad i veka før gudstenesta. Søndagsskulen er med på undreturen for å presentere arbeidet sitt for fireåringane og foreldra deira. 43 fireåringar møtte opp i gudstenesta for å få fireårsbok, om lag halvparten av dei var med på undretur veka før.

5 år i år

Dette trusopplæringstiltaket finn stad i og utanfor Ljosheim på Ulstein. Når eit tiltak ikkje har vore arrangert på to år er det spennande å sjå om barnefamiliene sluttar opp om det. Det var difor kjekt å sjå at 32 born deltok på arrangementet, som har fokus på bibelfortelinga om sauens som vart funnen att. Bibelteksta fortel om gjetaren som kallar saman vener og naboar og seier «Gled dykk med meg!» over den attfunne sauens. På same måte avsluttar vi samlinga med ein fest, etter at vi har funne sauens vi har leita etter. Vi får mange gode tilbakemeldingar frå foreldre og føresette på denne samlinga, og er glad for det.




Potetopptaking på Nytt Liv med 1. klassingane.



Etter at sauens er attfunnen er det fest for 5-åringane på Ljosheim.

Konfirmanttida i Ulstein byr på leir,
gudsteneste, diskusjon,
undervisning, bibel, bøn,
lystenning, leik,
felleskap, gode opplevingar ...
og mykje meir!



Konfirmasjon

Andre helga i september 2022 var det til saman fire festgudstenester i Ulstein kyrkje, der i alt 80 ungdommar vart konfirmert. Å reise på konfirmantleir er noko konfirmantane ser fram til som eit høgdepunkt i konfirmantåret. Februar 2022 var vi klar for vinterleir med litt over halve konfirmantkullet. Her skulle vi få oppleve siste rest av koronakonsekvensar, i det heile 22 av 44 konfirmantar måtte reise heim frå leiren fordi dei vart koronasjuka. Det hjalp truleg ikkje på at ungdomsskulen arrangerte vinterball kvelden før vi reiste på konfirmantleir...

Sommarleiren gjekk som normalt, til vår store glede. Dei andre samlingane i konfirmanttida gjekk også som planlagt. Konfirmantane er avgjerande i den årlege Fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp. Det var difor gledeleg å sjå at innsamlingsreultatet til Fasteaksjonen gjekk kraftig opp i 2022, til ny innsamlingsrekord i Ulstein: 161.090,- kr vart samla inn til det viktige arbeidet Kirkens Nødhjelp gjer!

MILK

Vi ser viktigheita av å arrangere minileiarkurs (MiLK) kvart år for å dyrke fram nye ungdomsleiarar til konfirmantleir og anna ungdomsarbeid. Skuleåret 2022/2023 var det diverre for få som meldte seg til å kunne gjennomføre MiLK. Det er difor viktig at Ulstein sokn tenker gjennom og jobbar hardt for å få MiLK opp å gå att hausten 2023, med tanke på komande års konfirmant- og ungdomsarbeid.

Kontakt med barnehagar og skular

Andreklassingane frå skulane og barnehagane kom til kyrkja for å lære om påska gjennom å delta i påskevandring. Skulegudstenester før jul vart endeleg arrangert att etter to år med koronaavlysingar. Det var også gledeleg å ta imot barnehagane i kyrkja til julesamling. Samarbeid med skulane om bibelundervisning for femteklassingane er inne i ei ny fase. I 2022 vart dei femteklassingane som er medlem i Den norske kyrkja invitert til eit undervisningsopplegg sentrert rundt boka «Tidslinja». Dette opplegget skal Ulstein sokn fortsette å utvikle, og prøve å få til eit skulesamarbeid som handlar om kjennskap til Bibelen.



Bønevandring på konfirmantleir.



Utan ungdomsleiarane våre hadde vi ikkje kunna gjennomført konfirmantleir så suksessfullt!

Alder	Trusopplæringstilbod	Oppslutnad i %				Snitt i %
		2019	2022	2021	2022	2019-22
0	Babysong	77	48	41	51	54
0	Dåpssamtale	108	95	93	116	103
2	Samling i kyrkja. Song, lunsj og utdeling av spisebrikke.	43	97*	32	28	50
4	Undretur i kyrkja og gudsteneste/utdeling av bok	88	95*	95*	66	86
5	Sauane som vart attfunnen leik og forteljing	25	-	-	38	32
6	Dåpskule. 5 samlingar, 2 gudstenester	57	43	-	42	47
7	1. klasse Skapt	71	61	70	63	66
7	2. klasse Nytt liv + hausttakkefest i kyrkja	40	69	61	50	55
9	3. klasse Tårnagent + gudsteneste	64	-	71	75	70
10	5. klasse Kode B	33	43	49	50	44
11	6. klasse LysVaken + gudsteneste	47	-	40	48	45
15	Konfirmasjon	91	94	95	94	94
	Totalsum	62,00 %	71,67 %	64,70 %	60,08 %	62,13 %

Torsdagskveld på Fredheim

Torsdagsmøta på Fredheim er eit samarbeid mellom Ulstein sokn, Ulstein KFUK-KFUM og Ulstein NMS. Komitéen har i 2022 bestått av Christina Grimstad Brekke og Kamilla Grimstad Hagen for Ulstein KFUK/KFUM. Kateket Bjørn Losvik, kyrkjelydspedagog Ingrid Madli Sæter og Cecilie Frantsen Skeide for Ulstein sokn, Inge Kaldhol for Ulstein NMS.

Etter at koronarestriksjonane vart oppheva vart det arrangert 3 temakvelder i vårsemesteret:

13. januar: «Markusevangeliet» v/ Christian Stejskal. Christian Stejskal framførte heile Markusevangeliet muntleg, ispedd eigenkomponert musikk på fiolin. Temakvelden fann stad i kyrkja, med 47 frammøtte (max 50 grunna korona).

03. februar: Jesu død og oppstandelse v/ kapellan Mirjam Håland Igland. Mirjam Håland Igland inviterte til ein kveld med refleksjon og diskusjon rundt spørsmål som: «Korleis påverkar påskehendinga relasjonen mellom Gud og menneske?» «Kva betydning av krossen gir eigentleg meining for folk?». Mirjam Håland Igland innleia med utgangspunkt i si eiga masteravhandling frå teologistudiet på MF.

17. mars: Konsert og foredrag om Lina Sandells liv og diktning med Stephanie Lippert, vokal; Bjørnar Myhr, piano; Hallvard Braaten Steinhovden, cello; Marit O. Kaldhol, foredrag. Konsert- og foredragsdelane er fletta saman i ein heilskap som gir eit nærbylde i ord og tonar av Lina Sandell og tida ho levde i. Marit O. Kaldhol fortalde om forfatterskapen og livet til Lina Sandell. Konserten baud på songar av Lina Sandell.

I juni var det eit møte på Fredheim i regi av Ulstein sokn og Ulstein KFUK-KFUM for å snakke om kva veg ein skulle gå vidare med samlingar for unge vaksne. Dette resulterte i månadlege samlingar i kyrkja med unge vaksne som målgruppe. Vegene vidare for temakveldane på Fredheim må sjåast i lys av dette.

For komitéen
Bjørn Losvik

KYRKJEMUSIKK I ULSTEIN KYRKJE

2022 var året der vi både kunne starte opp kor- og konsertaktiviteten igjen, men også tok avskjed med Ståle Helvig etter 27 år teneste som kantor i Ulstein sokn då han pensjonerte deg. Og vi kom i mål med å tilsetje ny kantor.

Ulstein kyrkje kunne by på eit breitt musikalsk program i 2022 der både musikkrefter frå kyrkjelyden, frå kulturlivet lokalt og tilreisande artister har bidratt.

Konsert- og musikkarbeid gjennom året

10.01. Bøne- og lovsongskveld	Musikkandakt
13.01. Lukasevangeliet	Kulturkveld med Christian Stejskal
14.02. Bøne- og lovsongskveld	Musikkandakt
28.02. Kveldssong	Musikkandakt
14.03. Bøne- og lovsongskveld	Musikkandakt
17.03. Under Modersvingen	Lina-Sandell- konsert
28.03. Kveldssong	Musikkandakt
30.04. Musikk og meditasjon	Ståle Helvig m.fleire
02.04. Konsert	Ten Sing Norway
13.04. Orgelkonsert	Ståle Helvig
30.05. Kveldssong	Musikkandakt
07.06. Sommarsong	Fjøresteinane
09.06. konsert	Con Moto
11.06. konsert på Ulsteinmessa	kora i Ulstein sokn m. fleire
13.06. Bøne- og lovsongskveld	Musikkandakt
01.09. Avskjedskonsert	Ståle Helvig
12.09. Bøne- og lovsongskveld	Musikkandakt
10.10. Bøne- og lovsongskveld	Musikkandakt
06.11. Jazz & Koral	Kyrkjemusikkutval
13.11. Konsert	Musikklaget Ulf
14.11. Bøne- og lovsongskveld	Musikkandakt
18.11. Gospelnight	Ulstein Ten Sing
27.11. Julekonsert	Con Moto
29.11. Kulturskulekonsert	
11.12. Julekonsert	Wenche Myhre
22.12. Julenattiné	Kyrkjemusikkutval

Konsertverksemd i eigen regi

Dei store høgdepunkta var avskjedskonsert med Ståle Helvig, Jazz og koral og Julenattineen. Dette var konsertar med høg kvalitet og med god respons, sjølv om vi merkar ein liten nedgang i deltaking både på Jazz og koral og på Julenattineen. Vi syng jula inn blei avlyst i 2022. Det blei satsa ein del på musikk/meditasjon-samlingar i kyrkja onsdagskveldar i fastetida, men då med små musikk-ensembler, og strengt avstandsregime. På seinhausten tok også øvingane til for kyrkjebakkespelet "Eg spelte på fløyte". Spelet vart utsett pga. korona og aktørane ser fram til urframføringa på Sjøborg mars 2023.



Kyrkja var fullsett under avskjedskonserten til Ståle Helvig. Foto: Svein Arne Orvik

Kordeltaking/solosong/ekstra instrumental i gudstenester

Korklubben, Tween Sing og Ten Sing hadde også i 2022 sine faste plassar i gudstenestelivet. Mange solistar og instrumentalistar deltok i musikken i gudstenesta i Ulstein kyrkje og vi er glade for at så mange ønskjer å engasjere seg.

Etter at Ståle Helvig pensjonert seg sommaren 2022 var det vikarar som stilte opp på mange av gudstenestene, og vi er særst glade for at også Ståle Helvig er blant desse og tok seg av speling i dei fleste gravferder også. Oddgeir Nygjerde vart tilsett i ein liten stillingsdel som vikar for kantor for arbeid med kora og speling på andaktene.

Vikarane har vore: Ingrid Nerhoel, Ingfrid Grimstad, Andreas Sæbø, Andreas Lunde, Bjørnar Hovlid, Ottar Erling Arnestad. Ein stor takk til desse!

Den store gladnyheita på hausten har vore at Michelle Öhman blei tilsett som ny kantor i Ulstein kyrkje. Ho vil starte opp arbeidet sitt august 2023.

Leiarar for kora:

Korklubben

Til 01. august 2022:

Ståle Helvig og Bente Anita Pilskog

Frå 01. august 2022:

Oddgeir Nygjerde og Bente Anita Pilskog

Tween Sing

Til 01. august 2022:

Ståle Helvig og Anne Marie Sødal

Frå 01. august 2022:

Oddgeir Nygjerde og Anne Marie Sødal

Korklubben og Tween Sing

13.02	Gudsteneste Ulstein kyrkje	Korklubben
13.03	Gudsteneste Ulstein kyrkje	Tween Sing
14.-15.05	Overnatting/øving på Kjeldsund	Tween Sing
15.05	Gudsteneste på Kjeldsund	Tween Sing
09.05	Tur til Ålesund/Trampolineparken	Korklubben
17.05	Gudsteneste i UK	Korklubben
11.06	Ulsteinmessa	begge kora
28.08	Familiegudsteneste	Tween Sing
25.09	Familiegudsteneste Hausttakkefest	Korklubben
22.10	Fredheimsbasaren	begge kora
23.10	Familiegudsteneste	Tween Sing
27.11	Familiegudsteneste	Tween Sing
24.12	Familiegudsteneste	Korklubben

Barnekora i kyrkja har snart gjennomført eit kalender med «vanleg» øvingsmønster.

Pga koronatiltak blei det sein koroppstart i januar 2022. Kora har stort sett berre opptrekk med song på gudstenester. Tween Sing hadde øvingsdager med overnatting på Kjeldsund i mai i høve song på kyrkjelydsfesten 15 mai.

Frå 1 august 2022 gjekk kantor Ståle Helvig av som kantor i Ulstein, og avslutta med det engasjementet i barnekora i Ulstein. Han hadde då vore sentral i barnekorarbeidet i 27 år. Oddgeir Nygjerde tok då over som pianist/korleiar.



Tetyana "Tanya" Makarenko framførte Shchedryk (Carol of the Bells), som opphavleg er ein ukrainsk nyttårssong på Julenatteneen.

Foto: Ole Ottar Høgstavoll

SAMARBEID MED BARNE- OG UNGDOMS-ORGANISASJONANE

Fylgjande organisasjonar har Ulstein sokn eit regelmessig samarbeid med:

Ulstein KFUK-KFUM
Leiar: Sunniva Røyset

Ulstein KFUK-KFUM speidarar
Leiar: Christfried Kaul

KRIK Ulstein
Leiar: Øyvind Erdal Christiansen

NMSU Kontakt:
Gunnhild Bremer

Ulsteinvik søndagsskule
Leiar: Silje Grimstad Tvedt

Hasund søndagsskule
Leiar: Margit Sundgot Aarland

Sunnmøre folkehøgskule
Rektor: Arnt Ole Grimstad

Ulstein KFUK-KFUM speidarar

Gruppeleiar: Christfried Kaul
Styret: Kristian Osnes, Tord Aksnes, Johannes Kaul
Ved utgangen av året hadde vi 235 medlemar inkl. leiarar.

I Ulsteinspeidarane har vi desse gruppene:
Stifinnar for jentene (3.-4. klasse), stifinnar for gutane (3.-4. klasse), vandrargenter (5.-10. klasse), vandrargutar (5.- 10. klasse) og roverar (vidaregåande). Til saman er det 11 patruljer og ei Rovergruppe.

Det er 5-6 overnattingsturer som blir arrangert kvart år. Den årlege speidargudsteneste er på hausten og er eit viktig samarbeidsarrangement.

Dei ulike patruljene har møte om lag annakvar veke. Møta føregår for det meste ute, og mange grupper har fast leirplass. Aktiviteten i gruppa er i hovudsak retta mot friluftsliv og opplæring i diverse speidaraktivitetar som leirbygging og kunnskap om naturen, men også personleg utvikling og samarbeid i gruppe.

2022 var det Landsleir på Forsand. Ulstein speidarane deltok med 70 speidarar inkl.- vaksenleiarar.

KRIK Ulsteinvik

KRIK Ulsteinvik er eit aktivt miljø med 3 ulike aktivitetsgrupper og omlag 110 medlemar, men dette inkluderer også familiemedlemar og støttemedlemar.

Ung/VGs-KRIK: Kvar fredag. 15 i snitt pr samling.
Mini-KRIK: Samlingar er kvar mandag. Snitt 30 stk.
Det har også vore arrangert den årlege KRIK- gudstenesta.

Søndagsskule

Søndagsskulane har samlingar annankvar veke på Fredheim og på Sundgot bedehus.

I Ulsteinvik er søndagsskulen med i kyrkja i starten av gudstenesta for så å gå til Fredheim før tekstlesingane. I Ulsteinvik er det også tårnagentklubb for dei over 8 år.

I Ulsteinvik er det ... medlemar og eit oppmøte på ca. 25 i snitt
På Hasund er det ... medlemar og eit oppmøte på ca. 10 i snitt.

Ansvarleg vaksenleiar: Ruben Voldsund

Vaksenleiar: Øystein Grimstad Thormodsæter, Iver Fiskaa Ødegård

Styreleiar: Heine Ljones Kulø (vår), Andreas Sundgot (frå haust)

Økonomileiar: Oddgeir Nygjerde

Danseleiar: Aurora Bjerkvik

Filmleiar: Martyna Bender, Hedda Ljones Kulø

Dirigent: Marthe Sandvik Skeide

Bandleiar: Ane Øvrelid Solås

Øvrige styremedlemmar:

Vår: Ragnar Heimland, Signe Aamodt Støylen, Håvard Dimmen, Eivind Bjåstad Hovlid (vara)

Hhaust: Eivind Bjåstad Hovlid, Martha Giil Vågeskar, Sveinung Snipsøy, Andreas Sæter (vara)

Betalande medlemmer per 31.12.22: 55

Akvitetar

Ulstein Ten Sing har hatt øving på Fredheim fast kvar onsdag mellom 19.00-21.30. Den første halvtimen er alltid avsett til felles leik, før ein den neste timen har band og korsong. Deretter følger pause med mat og andakt og meir øving før vi avsluttar kvar øving med å synge velsignelsen saman.

Ein gong i månaden har vi også avslutning i kyrkja der vi får eit ord for kvelden med ei lita

bønevandring. Oppstart i 2022 gjekk ikkje heilt som planlagt, då det også dette året vart nokre avlysingar med omsyn til koronarestriksjonar på starten av året.

Til tross for dette har det vore mange høgdepunkt i 2022. Vi har delteke på DRYPP-ungdomsgudstenester gjennom heile året, med den første i mars og den siste i desember. I april har vi hatt inspirasjonshelg med Ten Sing Norway. I mai har vi hatt sosialkveldar i tillegg til å ha ansvar for 17.mai-kaféen på Fredheim. I juni fekk vi opptre på Ulstein-messa med hundrevis av folk i publikum, og avslutte semesteret med bowling inne medan det pøsregna. Med nytt semester fekk vi vere med å kore for Marthe Wang under konserten hennar i Fosnavåg i oktober. Vi stilte med mat og service på Fredheimbasaren like etter. I november var det klart for den årlige Gospel Nighten i Ulstein kyrkje, der svimlende 250 ungdommar deltok. Ulstein Ten Sing var sjølv sagt eit godt vertskap for alle som kom. Veka etterpå var det tid for å synge jula inn på julegrantenning i sentrum. Seinare i desember bidrog vi på hjertevarmeaksjonen, og runda av året med eit knakande kjekt juleball - og det for første gang sidan 2019.

Vurdering av arbeidet

Etter sommaravslutninga i 2022 gjekk mange ut av Ten Sing på grunn av utflytting og vidare studier. Til tross for at vi då mista mange medlemmar kom det enda fleire nye på hausten. Ulstein Ten Sing er i ei særstilling i Ten Sing-Norge. Vi er framleis ei av det største Ten Sing-gruppene i landet, og det går lovord om vårt varierte tilbud. Vi er gode på å fornye oss, då vi tek utgangspunkt i dei som deltek og bygger på dei erfaringane og kompetansane som fins i gruppa. Vi er ikkje redde for å satse nytt, kjøpe nødvendig utstyr eller finne på nye prosjekt. I 2022 har vi mellom anna oppgradert videokamera, kjøpt fotokamera og -utstyr, mikrofonar og T-skjorter med logo til alle medlemmar. No ser vi framover til eit 2023 utan korona og med enda meir nytt bandutstyr på veg.

ULSTEIN SOKNERÅD

Soknerådet er styringsorganet til den lokale kyrkjelyden, og har det strategiske ansvaret for å vere kyrkje lokalt. Rådet vert vald på nytt kvart fjerde år. Inkludert kommunal representant blir soknerådet utvida til Ulstein kyrkjelege fellesråd, som har ansvaret for økonomi, kyrkjebygg og gravferdsforvaltning. Ulstein kyrkjelege fellesråd er arbeidsgjevar for alle tilsette i kyrkjelyden, utanom prestane.

Ulstein sokneråd/Ulstein kyrkjelege fellesråd 2019-2023

Medlemar:

1. Odd Arne Vikebakk (leiar)
2. Annelise Kleven Godø (nestleiar)
3. Karianne Sveen Orvik
4. Hannelore Måseide
5. Bodil Muren Voldsund
6. Lidbjørn Vattøy
7. Karete Malen Nesset
8. Cecilie Frantzen Skeide
9. Sokneprest Margit Lovise Holte

Varamedlemar:

1. André Sæter
2. Andreas Alexander Felix Sæbø
3. Åsmund Lunde
4. Kristian Osnes
5. Hildegunn Lillebø Fiskerstrand

Sokneprest Margit Lovise Holte hadde permisjon frå oktober 2022 til desember 2022. I permisjonstida var kapellan Mirjam Håland Igland geistleg representant i sokneråd.

Konstituering:

Leiar: Odd Arne Vikebakk
Nestleiar: Annelise Kleven Godø
Sekretær: Kyrkjeverje Christfried Kaul

Ulstein kommune sin representant i kyrkjeleg fellesråd: Ordførar Knut Erik Engh
Kommunal vararepresentant: Stian Skorgen Scheide

Utval og kontaktpersonar

Arbeidsutval: Odd Arne Vikebakk, Annelise Kleven Godø, Cecilie Frantzen Skeide, Margit Lovise Holte, Karete Malen Nesset (vara), Christfried Kaul (sekretær)

Administrasjonsutval: Odd Arne Vikebakk, Annelise Kleven Godø, Cecilie Frantzen Skeide, Karete Malen Nesset (vara), Christfried Kaul (sekretær)

Tilsettrepresentant: Ingrid Madli Sæter

Verneombud for dei tilsette: Lill-Marte Apelsest Solbakken

Gudstenesteutval: Karianne Orvik, Margit Lovise Holte, Mirjam Håland Igland, Ståle Helvig, Inge Kaldhol (sekretær).

Diakoniutval: Cecilie Frantzen Skeide, Mari Ann Vattøy.

Undervisningsutval: Karete Malen Nesset, Ingrid Madli Sæter, Bjørn Losvik.

Kyrkjemusikkutval: Øyvin Sønnesynd, Jan Thomodsæter, Ståle Helvig, Bodil Voldsund.

Planutval for nytt kyrkjebygg: Harald Nordal (leiar), Jostein Kiperberg, Svein Arne Orvik, André Sæter, Arne Runar Vik, Margit Lovise Holte, Christfried Kaul (sekretær).

Kyrjekunstkomiteen (har ikkje hatt møter i 2022):

Øyvinn Sønnesyn, Linda Hasund, Hugo Opdal, Margit Lovise Holte, Christfried Kaul.

Vedlikehaldsutval Ulstein kyrkje: Lidbjørn Vattøy, Åsmund Lunde, Christfried Kaul.

Kontaktpersonar:

Kirkens SOS: Mali Åm.

Saker som Ulstein sokneråd / Ulstein kyrkjelege fellesråd har arbeidd med i 2022

- Ulstein nye kyrkje – omprosjektering og kostnadsreduksjon
- Arbeid for å ta imot flyktningar
- Misjonsengasjement i Ulstein sokn
- Arbeid med gudstenesteplaner / semesterplaner
- Revisjon av Plan for konfirmantarbeid i Ulstein sokn
- Tilsetting av kontor
- Rekruttering av nye frivillige medarbeidarar
- Vidare drift av Byggekløssen open barnehage
- Fornyng av samarbeid mellom Ulstein KFUK-KFUM og Ulstein sokn
- Plassering av innsamla midlar for Ulstein nye kyrkje
- Evaluering av arbeidet i Ulstein sokneråd
- Revisjon vedtekter Osnes kyrkjegard
- Justering betalingsattsar
- Oppmerking parkeringsplasser Osnes kyrkjegard
- Budsjett og reknskap

ULSTEIN SOKNERÅD 2019-2023



Odd Arne Vikebakk



Annelise Kleven Godø



Karianne Orvik



Hannelore Måseide



Lidbjørn Vattøy



Karete Malen Nesset




Cecilie Frantzen Skeide



Bodil Muren Voldsund



Andre Sæter (1. vara)



Andreas Alexander
Felix Sæbø (2. vara)



Åsmund Lunde (3. vara)



Kristian Osnes (4. vara)



Hildegunn Lillebø
Fiskerstrand (5. vara)

PRESTAR I ULSTEIN SOKN 2022



Margit L. Holte
Sokneprest



Mirjam Håland Igland
Kapellan



Rolf Schanke Eikum
Vikarprest



Leidulv Grimstad
Vikarprest

TILSETTE I ULSTEIN KYRKJELEGE FELLESRÅD 2022




Christfried Kaul



Lill-Marte Apelseth
Solbakken



Ståle Helvig



Bjørn Losvik



Ingrid Madli Sæter



Karine Sæter



May-Britt Nesse
Garnes



Mari Ann Vattøy



Jan Erling Davidsen



Marius Erstad
Schjelderup



Vamathevan
Sellathamby



Ruben Voldsund



Tomine Sævik
Voldsund



Ilse Anita Eide
Moltumyr



Oddgeir Nygjerde



QR-kode: fekk du med deg
adventskalendaren vår på
Facebook i desember?
Her kan du sjå alle snuttane.
Kor mange klarte du å gjette?

STABEN I ULSTEIN KYRKJE

Prestar i Ulstein sokn

Sokneprest	Margit Lovise Holte	100%	(permisjon oktober-desember)
Kapellan	Mirjam Håland Igland	100%	(permisjon frå 11/2022)
Vikarprest	Rolf Schanke Eikum		(oktober-desember 2022)
Vikarprest	Leidulv Grimstad		(november-desember 2022)

Faste tilsette i Ulstein kyrkjelege fellelsråd

Kyrkjevevjerje:	Christfried Kaul	100%	
Sekretær:	Lill-Marte Apelseth Solbakken	100%	
Kyrkjjetenar/kyrkjegardsarbeidar:	Jan Erling Davidsen	100%	
Kyrkjjetenar/kyrkjegardsarbeidar:	Marius Erstad Schjelderup	50%	
Kantor:Ståle Helvig	100%	(t.o.m 08/2022)	
Diakon:	Karine Sæter	15-70%	(permisjon)
Diakonvikar:	May-Britt Nesse Garnes	30%	(til juni 2022)
Diakonvikar:	Mari Ann Vattøy	100%	
Kateket:	Bjørn Losvik	100%	
Kyrkjelydspedagog:	Ingrid Madli Sæter	100%	
Klokkar:	Inge Kaldhol	timebasert	(ca. 13%)
Reinhaldar:	Sellathamby Vamathevan	27%	

Prosjektstillingar

vikar Byggeklossen open barnehage:Karine Sæter	15-20%	(april - des 2022)
vikar Byggeklossen open barnehage:Tomine Sævik Voldsund	15%	(sep - des.2022)
Ungdomsarbeidar: Ruben Voldsund	20%	

Endringar i staben

August 2022 vart Ståle Helvig pensjonist etter 27 år som kantor i Ulstein kyrkje. Vi er glade for at han gjerne stiller som vikar i ei tid der vi ikkje har fast kantor.
May-Britt Nesse Garnes avslutta sitt vikariat i juni.

Vurdering

Staben i Ulstein kyrkje er eit arbeidslag som finn glede og inspirasjon i å jobbe med kvarandre og saman med frivillige. Det er rom for nye idear og initiativ der dei tilsette støtter opp om kvarandre sine prosjekt og samhandler mykje og godt i planlegging og gjennomføring av arbeidet.

Permisjonar, vikarar og vakante stillingar har naturlegvis lagt ein del ekstra press på arbeids-situasjonen. I kombinasjon med at ein nystart etter pandemien krevde ein ekstra innsats blei det eit arbeidsår med høg intensitet. Ulstein kyrkjelege fellelsråd har bedriftshelseteneste. Lill-Marte Apelseth Solbakken er verneombod.

Likestilling, integrasjon og mangfald

Det er 10,1 årsverk i dei faste stillingane. Ved utgangen av 2022 var det:

11 faste tilsette, 5 kvinner og 6 menn.

1 vakant stilling

3 kvinner var i permisjon ved utgangen av 2022

2 menn jobbar deltid i faste stillingar

1 prosjektmedarbeidar har eit deltidsengasjement

9 av dei tilsette er fast tilsett i Ulstein kyrkjelege fellelsråd, 2 faste tilsette har Møre bispedømeråd som arbeidsgjevar, og 1 har ein annen arbeidsgjevarar og der vi kjøper/leiger inn ein tilsett på deltid.

Det er 2 faste tilsette med innvandrarbakgrunn. Det er ingen tilsette med nedsatt funksjonsevne. 7 av dei faste tilsette har fullført utdanning ved høgskule eller universitet, 4 år eller meir.

Ved utgangen av 2022 var det: 6 vikarar, 3 kvinner og 3 menn.

1 mannleg vikar har deltidsstilling. 2 kvinnelege vikarar har deltidsstilling.

Arbeidstilhøve

Arbeidsmiljøundersøkingar i Møre legg fram nedslåande resultat knytt til kvinner si presteteneste. Vi har nok ei boble i Ulstein, eller så er Ulstein moden for dette. Det er ikkje fritt for episoder som ein helst skulle unngått, og det kjem noko kritikk frå andre kristne miljø, men begge kvinner trives og opplever det godt å vere prest her. Samstundes står vi solidarisk med kolleger og kvinner som opplever det annleis. Kampen for likeverd er ikkje over nokon stad.

Arbeidstilhøva er mest kritisk i høve kyrkjebygg og smertar kvar einaste veke. Grunnlova fastslår Den norske kyrkje sitt nærvær på kvart nes av landet vårt, og kommunelova er krystallklar på kommunen si forplikting til finansiering av ressursar og tenlege lokaler. Dette gode samverket vart stadfesta som avgjerande i høringa til ny kyrkjeleg organisering dette året. I ein bygdeby som tilbyr fleirfaldige kvadratmeter idrettshall per innbyggjar, er det mange som uttrykker det uforståelege ved så få kvadratcentimeter kyrkjebygg per innbyggjar. Vi ventar tålmodig på vår tur, men rykker stadig bakerst i køa sjølv om prosjektet har samla inn meir midlar enn noko anna kyrkjebygg-prosjekt. Sist år vart det gjort flott lokalt ingeniør- og arkitektarbeid for å få ned prisen på Ulstein nye kyrkje. Kvar månad samlar faste gjevarar inn 50 000,- til dette prosjektet. Unge familier etterspør bygget, og heldigvis er det fleire og fleire som ser dei rasjonelle fakta i saka. Det går ikkje an å forvalte det gamle kyrkjebygget så hardt som vi gjer no, om kulturskatten skal bevarast til aktiv bruk for ettertida. Det er ikkje haldbart å tilby born og konfirmantar berre harde kyrkjebenkar. Det er heller ikkje lovleg at bygget diskriminere menneskje med funksjonsutfordringar. Ulsteinsamfunnet har ikkje brukt pengar på å reise kyrkjebygg på snart 173 år. Folkekyrkja vår treng engasjement frå byråkratar og folkevalde, glade fastgjevarar og rause rikfolk, bønearbeid og praktisk innsats, slik at vi klarer å drive kyrkja på ein lovleg, truverdig og inkluderande måte etter gjeldande lover og reglar. Vi står ved godt mot i denne saka og held langsiktig kurs som eit truverdig reisefølgje for eit lokalsamfunn med våre lovpålagte samfunnsoppgåver som vi gjer med stor kjærleik. Ulstein nye kyrkje vil vere eit svært positivt bidrag til folkekyrkja, organisasjonarbeidet, bygdebyen og vil, ilag med gamlekyrkja, skine som eit smykke og tene folket i Ulsteinsamfunnet vårt.




BYGG OG ANLEGG



Snøhetta

Nye Ulstein kyrkje - Omprosjektering

10. juni 2022



Ulstein kyrkje

Ulstein kyrkje er open tysdag – fredag 08:00 – 16:00, og det er mange som er innom for å finne ro, be ei bøn eller la seg inspirere. Med mange flyktningar som har kome til Ulsteinvik har dette blitt eit enda viktigare tilbod i 2022. Kyrkjeromet har ei fin atmosfere og det er eit lokale folk i Ulstein set pris på å kunne bruke til dåp, vigslar, gravferd, gudsteneste og konsert.

Ut frå dagens standard for offentlege bygg er Ulstein kyrkje eit utdatert bygg som byr på store utfordringar på grunn av manglande universell utforming, svært dårlege sanitærforhold og eit fysisk utfordrande arbeidsmiljø. Bygget er dårleg eigna til å drive undervisning, barne- og ungdomsarbeid, diakonalt arbeid, møteverksemd og arrangement der ein treng å kunne bruke fleire rom parallelt i

i same bygg. I mangel på eigna lokale leiger Ulstein sokn seg inn på folkehøgskulen, Fredheim, Sjøborg, og ulike andre forsamlingslokale. Staben opplever denne situasjonen som eit hinder for å kunne utvikle kyrkja sitt arbeid i tråd med planar og intensjonar for Den norske kyrkja lokalt og nasjoanalt.

Vask og maling

Hausten 2022 fekk kledning av kyrkja ein grundig vask, takrennene blei rensa og utbetra, og vestveggen og vindauga blei måla. Dette var viktige tiltak for å førebygge skade. Sjølv om arbeidet ikkje var eit stort prosjekt, blei kostnadane ein god del større enn beløpet for vedlikehald som ligg i det årlege driftstilskotet Ulstein sokn får.

Ulstein nye kyrkje

Behovet for ei ny kyrkje i Ulstein har på ingen måte blitt mindre. I 2022 er det gjort nokre viktige grep for å skape føresetnader for å få plassert bygging av Ulstein nye kyrkje inn i økonomiplanen. Med målsetjing om reduserte kostnader for skisseprosjektet fekk Ulstein sokn involvert dei lokale firma Sporstøl arkitekter og Conplan involvert i eit samarbeidsprosjekt med Snøhetta. Romprogrammet, fotavtrykk, areal og materialval blei grundig gjennomgått og vegd opp mot potensialet for innsparing. Ulstein kommunestyret støtta dette prosjektet ved å løyve bruken av kr. 650.000 til dette. Resultatet av prosessen er eit skisseprosjekt som har fått ein enklare konstruksjon, betre og meir variable romløysingar, eit lågare fotavtrykk, mindre volum og materialval på fasada som vil krevje mindre vedlikehald i eit krevjande vestlandsvêr. Innsparinga er på 13% og vil redusere kostandane frå 103 MNOK til 89,5 MNOK (i 2017- kroner). Ulstein sokn presenterte resultatet i oktober 2022 for kommunestyret og til kommuneadministrasjonen med forventning om at bygging av Ulstein nye kyrkje blir lagt inn i økonomiplanen, men verken administrasjonen eller det politiske miljøet la det inn som eit forslag og dermed fått det handsama som ei vedtakssak. For soknet, som har jobba med ei ny kyrkje heilt siden år 2000, er det ein svært krevjande situasjon at kyrkjebygget ikkje blir prioritert. Trass i lite politisk framgang i saka har det blitt samla inn kr. 553.000 gjennom gjevar-tenesta for Ulstein nye kyrkje. Ved årsslutt 2022 er fonda for bygging av Ulstein nye kyrkje på til saman 7,4 MNOK.



Kyrkjegardane

Osneset kyrkjegard

Gravferdsforvaltninga har jobba også i 2022 intenst med å bruke tilgjengeleg kapasitet av graver på ein effektiv måte. Men gjenbruk av graver er meir ressurskrevjande enn å ta i bruk nye graver og kan også vere ei psykisk påkjenning for dei som jobbar med dette. Gjennom tenesteytingsavtalen hjelper teknisk etat i Ulstein kommune ofte ved graving, slik at vi kan garantere at det alltid er to arbeidarar saman på graving, slik HMS-forskriftene krev det. Her måtte vi bruke teknisk etat litt oftare enn som ligg i tenesteytingsavtalen og det er eit behov for å justere bruk av resurser. Til å rekke over stell av gravplassen blei det også i 2022 leigd inn sommarvikarar i ferietida. Stell av gravplass, graving og diverse anna arbeid på anlegget har base i eit driftshus der maskinparken og utstyret har sin plass og naudsynt vedlikehaldsmateriell blir lagra. Arbeidarane har etterlyst isolering av garasja for å kunne utføre noko vedlikehaldsarbeid innandørs på kalde dagar. Også lagringskapasiteten på utsida bør betrast slik at alt utstyr kjem under tak.

Behovet for ein ny gravplass blir meir prekært med kvart år kommunestyret ikkje klarer å fatte eit vedtak om lokalisering for utviding / nyetablering av gravplass i Ulstein kommune. Ulstein kyrkjelege fellesråd har utarbeidd nye gravplassvedtekter som tek høgde for etablering av minnelund og urnegraver på Osneset kyrkjegard. Vedtektene skal gjennom ein høyringsprosess i kommunen i 2023 før dei blir sendt til statsforvaltaren til godkjenning.

I 2022 har det blitt fjerna nokre av trea på Osneset sidan dei sto i fare for å velte ved sterk vind / storm. Det er fleire tre som bør fjernast frå Osneset kyrkjegard og ein bør også lage ein plan for ny beplantning. Dette er eit større økonomiske løft enn som er mogleg innanfor driftsbudsjettet. Vi har vore i kontakt med Ulstein kommune for å drøfte utfordringane med den skiftande sandbalansen på Osnessanden med fare for utvasking ved stormflo. Vegetasjonen i kanten mot sanden er eit viktig ledd i vernet, og vi treng å hente inn kunnskap for stell av tre-vegetasjonen på dette området.

Ulstein gamle kyrkjestad

Den første kyrkjeplassen i Ulstein kommune var plassert ved den siste hamna før kryssing av Breisundet vidare til Giske eller Borgund. Etter at kyrkja vart flytta til Ulsteinvik sentrum står det nokre gravminne att, den mest verdifulle er etter Christoffer Rønneberg.

Med stort engasjement av legatet til etterkommarane etter Christoffer Rønneberg, har vi fått kunne slutført prosessen med ei avstøyping og restaurering av gravminna til i 2022. Den originale plata blei plassert på ei granittplata som i sin form minner om den gamle støperjernskassa plata kvilte på før.

Støttemuren for Ulstein gamle kyrkjestad har tatt skade over tid, mange steinar har rasa ut på nordsida. Det er framleis eit ønske om å legg betre til rette for markering av staden som eit ledd i Kystpilgrimsleia.

Kyrkjegarden ved Ulstein kyrkje

Vik kyrkjegard rundt Ulstein kyrkje har status som nedlagd. Å kunne ta deler av denne i bruk igjen som namna minnelund ville gi dette området eit løft og ein bruksfunksjon igjen. Arbeid med dette treng å skje i dialog med vurderingar i forhold til kulturminnelova.

Kyrjekontoret

Kyrjekontoret ligg i andre etasje i Sjøgata 61. Alle tilsette har tilgang på kontorarbeidsplass, men det er mangel på samtalerom til ulik bruk. Møteromet er i minste laget for møte i Ulstein sokneråd. Tilkomsten til kontoret er ikkje universelt utforma, og byr på utfordringar for brukarar. Heller ikkje toaletta på kyrjekontoret er tilrettelagt for folk i rullestol. Bygget er dårleg isolert og ikkje alle kontora har tilstrekkeleg med oppvarming / spolskjerming. Som kontorarbeidsplasser fungerer kyrjekontoret bra, men det bør vere betre fasilitetar for å ta imot besøkjande til samtaler og andre henvendinger.



STATISTIKK

Tabell 1: medlemar, oppslutnad om dåp og konfirmasjon

	2019	2020	2021	2022
Befolkning	8571	8575	8539	8770
Medlemar og tilhøyrande i DNK	6607	6641	6616	6629
% medlemar i DNK	77,1 %	77,4 %	77,5 %	75,6 %
Innmelde i DNK	8	4	11	9
Utmelde frå DNK	20	21	24	19
Fødde i Ulstein kommune	108	85	109	92
Døyppte nyfødde som er medlem i Ulstein*	76	67	88	71
% døyppte av fødde folkeregistrert i Ulstein	70,4 %	78,8 %	80,7 %	77,2 %
15-åringar (døyppte)	111	120	85	85
Konfirmerte medlemar i Ulstein	95	112	81	80
% av konfirmerte 15-åringar (døyppte)	85,6 %	93,3 %	95,3 %	94 %

*ikkje alle born blir døyppte same året dei er fødde. Mange som blir fødde dei tre siste månadane i kalenderåret blir først dørpte i løpet av dei første 3 månadane i det nye kalenderåret. Difor varierer også tala litt frå år til år dersom ein ønskjer å dokumentere kor mange av dei som blir fødde også blir døyppte.

Ulstein kyrkje har framleis høg oppslutning blant folk i Ulsteinvik. Grunna busetting av mange flyktningar i Ulstein kommune har det vore ei auke i befolkning. Sidan dei som regel ikkje er medlem i Den norske kyrkja har prosentdelen av medlemar i Den norske kyrkja gått ned med nesten 2%.

Tabell 2: kyrkjelege handlingar

Kyrkjelege handlingar	2019	2020	2021	2022
Dåpshandlingar i soknet	76	55	74	66
Konfirmerte i kyrkja	92	112	81	80
Kyrkjelege vigslar	15	10	14	12
Gravferder	54	52	53	50

Dåpstal for Ulstein sokn er stabile sjølv om dei viser ein liten nedgang frå 2021. Vi treng framleis å legge godt til rette for regelmessige og hyppige tidspunkt, slik at foreldre har noko å velje imellom. Konfirmasjonstal held seg like bra som før.

Tabell 3: gudstenester og andakter

Gudstenester	2019	2020	2021	2022
Antal gudstenester totalt	93	98	80	89
Deltakarer, gudstenester totalt	16074	7047	6423	16745
Gjennomsnitt pr. gudsteneste	173	72	80	143
Antal gudstenester, søndagar og heilagdagar	56	34	58	54
Deltakarer, gudstenester, søndagar og heilagdagar	10963	3301	5276	7826
Gjennomsnitt deltarar pr. gudsteneste	196	97	91	145
Gudstenester utanom søndagar og heilagdagar	37	64	22	35
Deltakarer, gudst., utanom søndagar og heilagdagar	5111	3746	1147	4909
Gjennomsnitt deltarar pr. gudsteneste	138	59	52	140
Antal gudstenester i soknet si kyrkje	79	87	57	78
Antal gudstenester på institusjon i soknet	9	4	4	3
Antal gudstenester på annan stad i soknet	5	7	19	8
Antal gudstenester med nattverd	58	27	34	54
Deltakarer, gudstenester med nattverd	5129	1673	1872	3636
Antal gudstenester med skriftemål	2	0	1	1
Antal familie- og barnegudstenester	12	6	5	10
Deltakarer, familie- og barnegudstenester	2714	681	335	1946
Antal gudstenester for barnehagar	3	2	1	3
Deltakarer, gudstenester for barnehagane	244	64	150	245
Antal gudstenester for skulelevelar	5	1	0	4
Deltakarer, gudstenester for skuleelevar	1413	44	0	1102
Antal gudstenester for ungdom	23	9	4	12
Deltakarer, ungdomsgudstenester	2516	1063	678	1900
Antal gudstenester med dåp	40	37	33	34
Deltakarer, gudstenester med dåp	6620	2866	2723	4510
Antal konfirmasjonsgudstenester	4	8	6	4
Deltakarer, konfirmasjonsgudstenester	1800	841	817	1443
Antal julaftangudstenester	3	3	2	3
Deltakarer, julaftangudstenester	1015	288	125	796
Antal gudstenester i påska	5	9	4	6
Deltakarer, gudstenester i påska	656	57	21	574
Andakter	2019	2020	2021	2022
Andakter på institusjon eller aldersheim	72	72	113	101

Det var knytt stor spenning til korleis gudstenestedeltaking ville utvikle seg etter ei lang tid med Korona-restriksjonar. Vi ser meg glede at deltaking på gudstenestene har tatt seg opp igjen og er på veg til å bli om lag slik det var i 2019. Deltaking på gudstenester på søndag og høgtidsdagane har gått litt ned mens besøk på gudstenester andre dagar er på same nivå som i 2019. Frå 2021 av har det blitt andakter også i Halsekervegen og talet på gjennomførte andakter har auka gjennom dette.

Tabell 4: musikk, kultur, leiarutvikling

	2019	2020	2021	2022
Deltakarar, leiarkurs for unge 13-30 år	22	25	26	21
Antal kor for vaksne / familiekor	3	1	1	3
Antal kor for barn og unge	3	3	3	3
Antal konsertar og kulturarrangement	19	16	25	17
Deltakarar på konsertar og kulturarrangement	2544	811	1007	1200
Antal konsertar og kulturarrangement i regi av andre	7	2	4	6
Deltakarar på konsertar og kulturarrangement i regi av andre	1111	160	998	978

Deltaking på konsert og kulturarrangement i kyrkja sin regi er halvert i forhold til 2019. Her treng vi å fornye oss og satse på gode musikk- og kulturtilbod.

ØKONOMI

Det var vedtatt eit budsjett for 2022 der soknet var nødt til å bruke kr. 145.000 frå disposisjonsfondet for å ha eit budsjett i balanse. Rekneskapa for 2023 viser at vi måtte bruke kr. 140.353 frå disposisjonsfondet for å gå i null.

Etter eit meirforbruk også i 2021 er disposisjonsfondet dermed redusert til kr. 657 863.

Det blei utført vedlikehaldsarbeid på Ulstein kyrkje på kr. 172.000 som er eit godt stykke utanfor ramma av det som ligg i tildelinga for driftsbudsjett til Ulstein kyrkje. Så mykje av denne bruken av disposisjonsfondet har samanhengen med dette.

Med den gode oppslutninga Ulstein sokn har om arbeidet sitt, og auka priser på varer og tenester er det krevjande å drive både administrasjon, gravplass og kyrkjebygg. I løpet av 2023 skal rammeavtalen og tenesteytingsavtalen med Ulstein kommune reforhandlast. Med 2 reknskapsår på rad der disposisjonsfondet har blitt kraftig redusert er det vesentleg å ha gode rammer for soknet sitt arbeid.

I henhold til budsjettet blei det også brukt kr. 64.698 for finansiering av ungdomsarbeiderstillinga. Fondet for ungdomsarbeidarstillinga er no oppbrukt og soknet treng ei fornying av gjevartenesta for denne viktige stillinga for å kunne halde fram med den.

Det er gledeleg å sjå at gåver, kollekt og innsamlingar er på veg tilbake til eit nivå nesten slik det var før Corona-pandemien. Det vitnar om eit stort engasjement i soknet at det blei samla inn til saman nesten 1,2 MNOK for å støtte misjonsarbeid, formål for eiga og eksternt arbeid og for bygging av ei ny kyrkje. Ei stor takk til alle som har bidrege i 2022.

Oversikt kollekt, gåver og innsamlingar

	2019	2020	2021	2022
Offer / kollekt i kyrkja	412 979	273 337	239 497	345 831
av dette - offer / kollekt til eiga verksemd	240 496	112 926	102 555	156 493
av dette - offer til andre	172 483	160 411	136 942	189 338
Gjevarteneste Ulstein nye kyrkje	700 650	557 000	622 500	551 297
Gjevarteneste	15 000	16 500	13 500	22 500
Minnegåver	19 146	0	0	18 360
Andre innsamlingar	35 770	0	30 000	89 689
Fasteaksjonen - gjennom lokal bokføring	81 821	0	11 426	
Fasteaksjonen - bøsser, vipps og direkte gåver	31 363	102 728	75 635	161 090*
Kollekt, gåver og innsamlingar totalt	1 311 729	823 639	994 564	1 188 767

* Beløpet er berre delvis bokført gjennom lokal rekneskap, den inneheldt også kr. 76 536,- gitt av folk i Ulstein direkte til Fasteaksjonene via Vipps.

Hovudtal frå årsrekneskapen i Ulstein sokn

Inntekter	Rekneskap 2022	Revident budsjett 2022	Rekneskap 2021
1 Brukarbetaling, sal, avgifter og leigeinntekter	771 826	847 650	466 392
2 Sal av driftsmiddel / fast eigedom	-	-	-
3 Refusjonar / overføringar	3 999 999	3 832 754	4 138 705
4 Kalk. inntekt ved komm. tj. ytingsavtale	258 000	-	258 000
5 Statlege tilskot	-	-	
6 Tilskot frå rettssubjektet Den norske kirke	1 577 800	1 325 000	1 498 352
7 Rammeoverføringar / tilskot frå eiga kommune	5 534 768	5 165 200	6 252 051
8 Tilskot frå soknet sine organ	-	-	-
9 Andre tilskot, gåver, innsamla midlar	1 112 230	580 500	900 503
10 Sum driftsinntekter	13 254 623	11 751 104	13 521 003

Utgifter	Rekneskap 2022	Revidert budsjett 2022	Rekneskap 2021
11 Løn og sosiale utgifter	5 502 875	5 634 436	6 535 062
12 Kjøp av varer og tenester	2 069 037	2 056 291	1 790 298
13 Refusjonar / overføringer	4 064 814	3 786 427	3 692 992
14 Kalk. utg. ved komm. tj. ytingsavtale	258 000	-	258 000
15 Tilskot og gåver	278 729	404 100	157 080
16 Sum driftsutgifter	12 173 454	11 881 254	12 433 432
17 Brutto driftsresultat	1 081 169	- 130 150	1 087 571
18 Renteinntekter og utbytte	207 843	40 000	79 507
19 Mottekne avdrag på utlån	-	-	
20 Renteutgifter og låneomkostningar	156 888	49 000	72 812
21 Avdrag på lån	510 075	134 400	1 039 021
22 Utlån, kjøp av aksjer, andelar o.l.	-	25 000	
23 Netto finansinntekter / -utgifter	- 459 121	- 168 400	- 132 326
24 Avskrivningar	525 358	-	526 958
25 Motpost avskrivningar	525 358	-	526 958
26 Netto driftsresultat	622 048	- 298 550	55 245
Interne finansieringstransaksjonar:			
27 Bruk av udisponert frå tidlegare år (mindreforbruk)	-	-	193 967
28 Bruk av disposisjonsfond	205 051	145 000	85 000
29 Bruk av bundne fond	88 380	153 550	93 492
30 Sum av avsetningar	285 431	298 550	372 459
31 Avsett til dekning frå tidlegare år (underskot)	-	-	-
32 Avsett til disposisjonsfond	-	-	-
33 Avsett til bundne fond	907 480	-	758 009
34 Overført til investeringsrekneskapen	-	-	-
35 Sum avsetningar	907 480	-	758 009
36 MEIRFORBRUK (-) / MINDREFORBRUK (+)		-	-330 305

INFORMASJON OG KONTAKT

Opa kyrkje, kyrkje på senteret og ope kontor

Tysdag til fredag er Ulstein kyrkje open for besøk mellom 08:00 og 16:00. Å ha ei opa kyrkje er viktig for å vere tilgjengeleg som kyrkje.

Kyrkja på senteret er open kvar onsdag 11:00 – 15:00 og har blitt eit viktig og hyppig brukt uformelt møtepunkt.

Kyrkjekontoret er ope tysdag til fredag 10:00-14:00 for publikum. Trass i auka bruk av digital kommunikasjon er den personlege kontakten med tilsette gjennom eit ope kontor viktig.

Kyrkjesida i Vikebladet/Vestposten, nettsider og sosiale media, oppslagstavle, informasjon i våpenhuset

Å ha gode kanalar til nå ut til mange er viktig for ei folkekyrkje med 6600 medlemar. Det er ulike behov for ulike grupper og det er stor forskjell på korleis informasjonen blir registrert eller aktivt leita opp.

Med kyrkjesida i Vikebladet Vestposten når vi fram til mange husstandar gjennom papiravisa. Denne ordninga er verdifull med tanke på at kyrkja kan nå ut til sine ca. 6.600 medlemar. Kyrkjesida kjem på trykk annankvar veke i veksel og samarbeid med Hareid, slik at vi veke for veke får informere om aktivitetane i kyrkjelyden. Men aktivitetane våre har også vore journalistisk interessante og artiklar om Ulstein kyrkje sitt arbeid er ofte å finne i lokalavisa.

Plakatar og flygeblad er også framleis viktige. Glastavla ved inngongen til kyrkjetomta er ei viktig kjelde for informasjon, og brosjyremateriell ligg både i våpenhuset og ved turistinformasjonen på Ulstein Arena.

Heimesida til Ulstein sokn, www.ulsteinkyrkje.no er ei viktig kjelde for informasjon og er lagt opp slik at det skal vere lett å finne informasjon om kyrkjelege handlingar, gudstenesteliv og kyrkjelydsarbeid. Dei fleste brukar påmeldingsløysinga på heimesida vår for å melde barna til dåp, ungdom til konfirmasjonsundervisning eller barna til trusopplæringstiltak. Men det er også mange som ikkje bruker sosiale media aktivt som går inn i kalenderen på heimesida for å finne fram informasjon.

Facebook er den kanalen vi bruker mest for å reklamere for og omtale arrangement i tida tett før det skal finne stad. Deling av bidrag, kommentering av innlegg, glimt frå arrangement som har vore, er med i å skape identiteten til kyrkjelyden.

Til streaming av arrangement er både YouTube og Facebook kanalar vi brukar. Alle gudstenester blir overført via ein lukka linje til TV- apparat i institusjonane.

Kontakt med Ulstein kommune

Soknet har eit godt samarbeid med Ulstein kommune. Ordføraren er kommuna sin representant i Ulstein kyrkjelege fellesråd, og dette er med på å verdsette kyrkja sitt arbeid og gjev oss ei viktig kontakt inn i dei politiske organa. Gjennom ein samarbeidsavtale med Ulstein kommune får Ulstein sokn føreseielege rammer for arbeidet. Det er eit godt samarbeidsklima med kommuneadministrasjonen, og gjennom tenesteytingsavtalen får soknet levert rekneskapstenester, administrering av lønn for tilsette og praktiske tenester knytt til arbeid på kyrkjegarden.

Kontakt med prosten i Søre Sunnmøre

Prosten leier prestetenesta i prostiet og er med dette næraste overordna for prestane. Gjennom prosten sitt initiativ har vi ein årleg prostidag for alle tilsette i prostiet. Prosten deltek også regelmessig på samlinga til kyrkjeværgene og har årlege møte med stab og sokneråd.

Kontakt med Møre Bispedømeråd

Ulstein sokn får kompetansetilskot til kateketstillinga og til diakonstillinga. Tilskotet utgjør 50% av lønnskostnadene til desse stillingane. Ulstein sokn mottok også årleg tilskot for trusopplæring. Dette arbeidet skjer etter ein godkjent plan og er utvida sidan soknet i 2014 mottok tilskotet for første gong.



Foto: Cecilie Hatløy

SLUTTORD

I årsmeldinga du no har framføre deg, har vi valt å la to emne, to vinklingar innleie den.

Først får vi eit knippe av solskinshistorier. I tekst og med tilhøyrande bilete blir vi kjende med aktivitetar og personar som på ulikt vis er knytt til oss og det som skjer i vår kyrkjelyd. Og det er mykje solskin i desse hendingane.

I den andre vinklinga er det fokus på diakoni. På samme vis, gjennom tekst og bilete, vert sider av diakoniarbeidet presentert. Med stor breidde og variasjon. Med omtanke, omsorg og varme.

Mange knyter ofte ei årsmelding opp mot ei oppsummering av fakta, om økonomi og organisasjon. Dette er viktig og naudsynt. Men det er og viktig å setje fokus på andre sider i ein organisasjon.

Eg håper at desse to innleiande vinklingane, saman med resten av årsmeldinga, gjev eit godt bilete av kva som har skjedd deg i Ulstein sokn i 2022.

Takk til alle for di deltaking, di omsorg, omtanke og forbøn!

Odd Arne Vikebakk
Leiar sokneråd og fellesråd



